


# Temaplan for språk i Hustadvika kommune 2025-2029

Vedtatt i kommunestyret 03.04.2025 - sak 37/2025

## SPRÅK I HUSTADVIKA




HØYRE



SNAKKE



LESE



SKRIVE

## Innhold

|                                                                                                 |    |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| KVA ER EI SPRÅKBRUKSPLAN? .....                                                                 | 3  |
| KVA SKAL VI MED EI SPRÅKBRUKSPLAN? .....                                                        | 3  |
| MÅL FOR SPRÅKARBEIDET .....                                                                     | 3  |
| KVA SEIER SPRÅKLOVA? .....                                                                      | 4  |
| KLART SPRÅK BYGGER FELLESSKAP .....                                                             | 4  |
| STRATEGISKE GREP .....                                                                          | 4  |
| KOMMUNEORGANISASJONEN .....                                                                     | 4  |
| TILTAK .....                                                                                    | 5  |
| HUSTADVIKA-SAMFUNNET .....                                                                      | 5  |
| TILTAK .....                                                                                    | 5  |
| NYNORSK I HUSTADVIKA .....                                                                      | 6  |
| STRATEGISKE GREP .....                                                                          | 6  |
| KOMMUNEADMINISTRASJONEN .....                                                                   | 6  |
| TILTAK .....                                                                                    | 6  |
| OPPVEKST .....                                                                                  | 7  |
| TILTAK .....                                                                                    | 7  |
| KULTURFELTET .....                                                                              | 7  |
| TILTAK .....                                                                                    | 8  |
| DETTE BETYR PLANA FOR DEG .....                                                                 | 8  |
| KVA BETYR SPRÅKBRUKSPLANA FOR DEG SOM BUR ELLER OPPHELD DEG I KOMMUNEN? .....                   | 8  |
| Kommunen sine språk og skrivereglar set skrivestandarden .....                                  | 8  |
| Nettsida til kommunen er universelt utforma .....                                               | 8  |
| Hustadvika er ein språknøytral kommune .....                                                    | 8  |
| Du skal kjenne deg heime her sjølv om du ikkje snakkar norsk .....                              | 8  |
| Nynorsken skal styrkast i skule- og barnehagesektoren .....                                     | 8  |
| FØRINGAR FOR SPRÅKBRUKSPLANA .....                                                              | 9  |
| KVA PLANAR OG LOVER GIR FØRINGAR FOR SPRÅKBRUKSPLANA? .....                                     | 9  |
| Samfunnsdelen i kommuneplana .....                                                              | 9  |
| Kommunikasjon .....                                                                             | 9  |
| Organisasjon .....                                                                              | 9  |
| Bibliotek .....                                                                                 | 9  |
| Universell utforming .....                                                                      | 9  |
| Forvaltningslova .....                                                                          | 10 |
| Lova om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova) ..... | 10 |
| Offentleglova .....                                                                             | 10 |

|                      |    |
|----------------------|----|
| Opplæringslova ..... | 10 |
| Kommunelova .....    | 11 |

## KVA ER EI SPRÅKBRUKSPLAN?

Ei språkbruksplan seier noko om kva språkpraksis ein kommune har. Plana gjev overordna føringar for korleis kommunen skal bruke språk i møte med innbyggjarane.

Måten kommunen bruker språket på, skal gjere tenestene og politikken forståeleg og tilgjengeleg for alle i samfunnet. Klart og godt språk er inkluderande. Det gir fleire innbyggjarar høve til å delta i lokaldemokratiet, fordi dei forstår korleis kommunen fungerer.

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg og administrasjonsspråket i Hustadvika kommune.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde.

Innhaldet i denne plana er i tråd med språklova. Plana koplar også språkarbeidet til andre kommunale planer og til nasjonalt regelverk.

## KVA SKAL VI MED EI SPRÅKBRUKSPLAN?

Som borgar i Noreg og innbyggjar i Hustadvika kommune har du visse språklege rettar. Desse rettane er nedfelte i den nasjonale språklova og i språkvedtak som politikarane i Hustadvika kommune gjer.

Med denne språkbruksplana viser Hustadvika kommune korleis ein møter krav som blir stilte til språk innanfor ansvarsområda som kommunen har.

Plana viser korleis kommunen

- sikrar dei språklege rettane du som innbyggjar har
- tek omsyn til andre språk i samfunnet
- sikrar og styrkar nynorsk i oppvekst- og skulesektoren og samfunnet elles

Tiltaka i plana er avgrensa til områda som kommunen sjølv har ansvar for, på arenaer der folk møter kommunen.

Plana legg særleg vekt på skule- og oppvekstsektoren, kulturfeltet og administrasjonsspråket.

## MÅL FOR SPRÅKARBEIDET

Hustadvika kommune har to overordna mål for språkarbeidet:

**Mål 1: Vi bygger fellesskap gjennom eit klart og korrekt språk som er tilpassa ulike målgrupper**

**Mål 2: Nynorsk er ein naturleg og synleg del av språket i Hustadvika kommune**

## KVA SEIER SPRÅKLOVA?

Føremålet med [språklova](#) er å styrke norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som kan nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk, og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

### **Språklova seier dette:**

- Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.
- Offentlege organ har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk ettersom det er det minst brukte norske skriftspråket.

Språkbruksplana viser òg korleis Hustadvika kommune følger opp krava i språklova som gjeld klarspråk og nynorsk.

## KLART SPRÅK BYGGER FELLESSKAP

[Klarspråk](#) sikrar kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at lesarane i målgruppa finn informasjonen dei treng, forstår han og kan bruke han.

God kommunikasjon og eit klart språk er viktige grunnsteinar når vi bygger fellesskap.

Eit klart språk styrker demokratiet og fellesskapet, og gjer informasjonen frå kommunen tydelegare. Då forstår folk lettare kva rettar og plikter dei har, og fleire kan delta i samfunnsdebatten.

Når vi skriv klart, reduserer vi faren for at kommunen misbruker makt og tilslører fakta. Det er med på å auke tilliten til kommunale tenester.

Mange som oppheld seg i kommunen, skjønar ikkje norsk. Somme har andre språklege utfordringar. Kommunen har òg eit språkleg ansvar for dei, særleg i situasjonar som gjeld helse, miljø og tryggleik.

## STRATEGISKE GREP

- Dei tilsette i kommunen skal følge prinsippa i [klarspråk](#) når dei vender seg til innbygarane, politikarane og andre kommunalt tilsette
- Kommunen skal ta omsyn til lesarar med ulike leseutfordringar og andre språk enn norsk som førstespråk. Informasjonen skal vere tilgjengeleg for så mange som mogleg, og kommunen skal respektere mangfaldet i samfunnet
- Kommunen skal i språkpraksisen sin vise respekt for det kulturuttrykket og den identitetsfaktoren som den lokale dialekta er

## KOMMUNEORGANISASJONEN

Klart språk er inkluderande. Fleire folk kjenner seg respektert og får forståing for korleis kommunen jobbar. Det skal gjere innbygarane meir sjølvhjelpete og føre til at fleire ser verdien i å delta i lokaldemokratiet.

Det er god kommuneøkonomi å bruke [klarspråk](#). Når budskapet er tydeleg, slepp folk å kontakte kommunen med spørsmål. Då sparar både innbyggjarane og kommunen tid.

[Klarspråk](#) er forankra i både den administrative og den politiske leiinga i kommunen. Alle har eit ansvar for å uttrykke seg klart. Når leiinga og tek dette ansvaret, set dei gode eksempel for resten av organisasjonen.

## TILTAK

- Vi skal styrke kjennskapen til [klarspråk](#) blant dei tilsette
- Vi skal jamleg gå gjennom standarddokument/malar for å sikre at innhaldet følger klarspråksprinsippa
- Vi skal utarbeide språk- og skrivereglar for tilsette i kommunen
- Vi skal tilby skrivekurs for tilsette som skal skrive saksframlegg. [Klarspråk](#) skal vere utgangspunkt for skrivekursa

## HUSTADVIKA-SAMFUNNET

Somme gonger er det naudsynt å tilpasse språket ytterlegare for å nå enkelte målgrupper.

Mange innbyggjarar bruker eit anna språk enn norsk. Når vi legg vekt på å følgje prinsippa for [klarspråk](#), bidreg vi til at folk som lærer seg norsk, lettare kan tileigne seg språket og bli ein del av fellesskapet.

Klarspråk er ein føresetnad for å ta i bruk universelt utforma digitale løysingar. Slik rekk vi også ut til innbyggjarar med andre språklege utfordringar, som syns- og høyrselshemming.

Klarspråk er dessutan ein føresetnad for å lukkast med å ta i bruk kunstig intelligens. Det gir betre svar hos samtalerobotar (chatbotar) og betre resultat ved bruk av maskinomsetting til andre språk.

## TILTAK

- Vi skal undersøke korleis minoritetsspråklege oppfattar kommunikasjonen med kommunen. Innsikta skal gi oss kunnskap om korleis vi best kommuniserer med dei ulike mål- og språkgruppene
- Direktesendingar frå kommunen skal ha teksting, til dømes skal teksting nyttast i kommunestyremøte
- Alle politiske saksframlegg skal ha eit kort samandrag der ein kan finne hovudinnhaldet. Innstilling til vedtak kjem først i saka
- Navet for ekstern informasjon, [Hustadvika kommune](#), skal vera både teknologisk og språkleg universelt utforma:
  - Kommunen lanserte ny heimeside i desember 2024, der krava til universell utforming vert følgt opp
  - Dei mest brukte nettlesarane (eks Edge og Chrome) har funksjonar som oversett heimesida til kommunen til mange språk
  - Heimesida til Hustadvika er på bokmål. Leverandøren av heimesida utviklar no ein ny modul, der heile nettsida etterkvart kan omsettast til nynorsk/andre språk, lage samandrag av artklar med meir gjennom bruk av kunstig intelligens

## NYNORSK I HUSTADVIKA

Eide og Fræna kommunar slo seg saman til Hustadvika kommune frå 01.01.2020. Eide kommune hadde bokmål som språk før samanslåinga, medan Fræna hadde politisk vedtak frå 2013 om at administrasjonsspråket skulle vere språkleg nøytralt. Før 2013 hadde Fræna nynorsk som administrasjonsspråk.

Det vart ikkje fatta noko språkvedtak ved samanslåinga, difor er Hustadvika kommune rekna som språkøytralt etter språklova.

Alle skulekretsane i gamle Fræna hadde frå 1940 nynorsk som språk. I Eide var nynorsk i bruk i enkelte kretsar på 1940- og 1950- talet og kommunen hadde nynorsk som administrasjonsspråk tilbake i tid.

Nynorsk ligg tett opp til talemålet til innbygarane i Hustadvika kommune. Språklova slår fast at kommunen har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

Ansaret for å sette i verk tiltaka i denne plana ligg til kommuneadministrasjonen, kultur, skule og oppvekstsektoren.

## STRATEGISKE GREP

- Vi skal gjere det enkelt å velje nynorsk for innbygarane og for kommunetilsette
- Vi skal styrke nynorsk i heile kommunen ved å eksponere innbygarane for nynorsk i kommunens kanalar og ansvarsområde

## KOMMUNEADMINISTRASJONEN

Tilsette i Hustadvika kommune står fritt til å skrive på det språket dei vil. Dersom kommunen mottek brev på nynorsk, er det god praksis å svare ut brevet på nynorsk dersom den tilsette kjenner seg kompetent til det.

Skal vi oppnå målet om å gjere nynorsken synleg i Hustadvika-samfunnet, må vi i større grad eksponere innbygarane for nynorsk i ulike kanalar og skriv.

I nynorske skulekrinsar bør nynorsk vere meir enn eit opplæringsmål. Også utanfor klasserommet skal elevar og føresette kunne møte nynorsk som ein naturleg del av nærmiljøet.

Slik gjer vi det enkelt å vera nynorskbrukar i kommunen:

## TILTAK

- Skriv du til kommunen på nynorsk, vil den tilsette svare på nynorsk dersom vedkomande føler seg kompetent til det
- Tilsette i administrasjonen får tilbod om kurs i å klart språk og god språkbruk i begge skriftspråk
- Hovudmalane for skriv som skal ut til publikum, skal finnast på både nynorsk og bokmål i sakshandsamingssystema våre

- Heimesida til Hustadvika er på bokmål. Leverandøren av heimesida utviklar no ein ny modul, der heile nettsida kan omsettast til nynorsk og andre språk gjennom bruk av kunstig intelligens

## OPPVEKST

Hustadvika kommune skal bruke nynorsk som opplæringsmål i barnehagen, grunnskulen og vaksenopplæringa. Det er viktig at kommunen er med på å gjere unge og vaksne til trygge nynorskbrukarar, gjennom gode nynorske språkmiljø frå barnehagen og heilt opp til vidaregåande skule. Grunnregelen er at alle digitale læremiddel og anna skriftleg tilfang som blir nytta i skule eller barnehage, skal vere tilgjengeleg på nynorsk. [Lenke til Nynorsksenteret.](#)

Mykje av grunnlaget for talemålet til barna blir lagt i barnehagane og skulane. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. I barnehagane skal vi synge og lese på ulike språk og målføre, og alle skular og barnehagar i kommunen skal ha eit godt utval av nynorsk litteratur.

Kommunen har ansvar for å sjå til at elevane får opplæring på nynorsk av lærarar som har god kompetanse i nynorsk. Bruk av digitale kjelder på internett kan vere ei særleg utfordring for nynorskelevar, og difor må skulane ha ein medviten strategi for korleis dei møter denne utfordringa.

Bibliotektenesta står sentralt i arbeidet med kultur- og informasjonsformidling. Biblioteka i kommunen har eit særleg ansvar for å formidle nynorsk litteratur til barn og unge.

## TILTAK

- Det skal vere enkelt for foreldre å finne informasjon om og bli rettleia om dei språklege rettane elvane har, jamfør Opplæringslova § 3.1. Denne informasjonen finst på kommunen si heimeside.
- Kommunale barnehagar i nynorske skulekrinsar bør bruke nynorsk i generell informasjon til føresette, og sørge for god balanse mellom tekstar på nynorsk og bokmål i det daglege livet med ungane.
- Stillingar ved skular som har nynorsk som hovudmål, skal lysast ut på nynorsk. I utlysinga skal det gjerast tydeleg at språket er eit spesielt satsings- og ansvarsområde for skulen. Dette gjeld også om kommunen vel å nytte ei felles utlysing for lærarstillingar på alle skulane.
- Skulane i kommunen skal bruke digitale læremiddel som ligg føre på både nynorsk og bokmål.

## KULTURFELTET

Det er på kulturfeltet vi har høve til å nå ut til fleirtalet av innbygarane i kommunen.

Dei to bibliotekavdelingane er kommunale arenaer der språk blir formidla og stilt ut. Ordningar i biblioteksektoren er med på å sikre eit breitt tilfang av verk av forfattarar som skriv på nynorsk. Hustadvika bibliotek har òg avdeling i Hustad Fengsel, og arbeider etter same mål også der.

Det finst òg andre aktørar i kultursektoren som er viktige skriftspråkbrukarar i samfunnet. Både på regionmusea, lokale museum og på små og store scener i Den kulturelle skolesekken (DKS) og den kulturelle spaserstokken (DKSS), vert kulturarven formidla språkleg. Dette er viktige arenaer for å gjere nynorsk synleg i kommunen.

Kulturfeltet har god dialog med og støttar Hustadvika Mållag gjennom mellom anna kommunens kulturmidlar. Kulturfeltet støttar dessutan konsertar og arrangement som har fokus på begge språka.

## TILTAK

- Forfattarbesøk skal vere formidla på nynorsk når forfattarane skriv på nynorsk
- Tilbod i Den kulturelle skolesekken for skulen og Den kulturelle spaserstokken for eldre, skal ha som mål å vise framsyningar i begge språka
- Lag og organisasjonar kan søkje om årlege kulturmidlar frå kommunen
- Vi skal gjere det kjent for aktørar som ønsker å fremje nynorsk, at dei kan søke på andre tilskotsordningar elles i kulturfeltet, når slike sjansar byr seg

## DETTE BETYR PLANA FOR DEG

### KVA BETYR SPRÅKBRUKSPLANA FOR DEG SOM BUR ELLER OPPHELD DEG I KOMMUNEN?

Kommunen sine språk og skrivereglar set skrivestandarden

Språk og skrivereglar skal sikre at vi brukar eit klart og godt språk når vi skriv til deg. Målet er at det skal vere enkelt for deg å finne og forstå det vi skriv, slik at du kan bruke informasjonen til det du treng.

Nettsida til kommunen er universelt utforma

Administrasjonen skal sørge for at innhaldet er tilgjengeleg for alle. Nedsett funksjonsevne eller språklege utfordringar skal ikkje hindre deg i å få informasjon frå det offentlege som du har krav på.

Hustadvika er ein språknøytral kommune

Tilsette i kommunen kan sjølv velje kva språk dei vil bruke. Det betyr at du kan møte på både nynorsk og bokmål når du er i kontakt med kommunen.

Du skal kjenne deg heime her sjølv om du ikkje snakkar norsk

Sjølv om du brukar eit anna språk enn norsk, har du krav på å få informasjon frå det offentlege. Enkelte situasjonar tilseier at vi må omsette informasjon til det språket du brukar. Men i dei fleste tilfella må du bruke maskinomsetting for å forstå. Då skal kommunen sørge for at det vi skriv er så klart at det som er omsett gir god mening på ditt språk.

Nynorsken skal styrkast i skule- og barnehagesektoren

Har du barn i barnehagen, vil dei tilsette bli oppmoda til å lesa høgt frå bøker på nynorsk, særleg dersom barnehagen ligg i ein nynorsk skulekrins. Har du barn i skulealder, skal kommunen gjere det enkelt for deg å finne informasjon om dei språklege rettane barna har etter opplæringslova og språklova.

# FØRINGAR FOR SPRÅKBRUKSPLANA

## KVA PLANAR OG LOVER GIR FØRINGAR FOR SPRÅKBRUKSPLANA?

Samfunnsdelen i kommuneplana

[Samfunnsdelen av Hustadvika kommune sin kommuneplan](#) viser korleis kommunen skal utvikle seg fram til 2032. Språkbruksplana er eitt av verktøya for å oppnå målet i kommuneplanen om å gje innbyggerane gode kvardagsliv. Kommunen vil vera med og skape gode rammer i kvardagslivet for innbyggerane, slik at ein:

- sikrar opplevinga av tryggleik og tilgjengelegheit for alle
- legg til rette for at alle kan delta i arbeids- og samfunnslivet

### Kommunikasjon

God kommunikasjon er avgjerande for å byggje fellesskap og skape tillit. Målet med kommunikasjonen er å skape gode kvardagsliv for innbyggerane våre. Vi må gje god og lett forståeleg informasjon om rettar og tenester kommunen yter.

Kommunen skal i kommunikasjonen med innbyggerane ta særleg omsyn til grupper som kan ha problem med å forstå eller bruke språket. Både innvandrarar, menneske med dysleksi og grupper med sansetap (syn, høyrse) eller andre vanskar som gjer lesing og kommunikasjon vanskeleg, skal få tilbod eller rettleiing frå kommunen etter behov.

### Organisasjon

Kommunen skal levere gode tenester til innbyggerane. Den viktigaste ressursen Hustadvika kommune har for å oppnå dette, er kompetanse i å skrive klart og på eit språk som innbyggjarane kjenner seg heime i. Kommunen må rekruttere, behalde og utvikle den kompetansen.

### Bibliotek

Tilgang til bibliotek er viktig fordi bruk av norsk skriftspråk er grunnleggande for at demokratiet vårt skal fungere. Evna til å lese og skrive tekst er avgjerande for å kunne delta som samfunnsborgar.

Lov om folkebibliotek seier:

« Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.»

Loven seier også: «Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.»

### Universell utforming

Digitale løysingar i kommunen skal følge prinsippa for klarspråk og universell utforming, slik at innhaldet er tilgjengeleg for alle, uansett funksjonsevne. Kommunen skal såleis leggje til rette for likeverdig deltaking i samfunnet for alle innbyggerane gjennom å kommunisere på eit klart og godt språk.

Meir informasjon om universell utforming finn du her: [Veileder i universell utforming - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

## Forvaltningslova

[Forvaltningslova](#) inneheld reglar for sakshandsaming som skjer i forvaltninga. Lova skal mellom anna sikre at saksbehandlinga går føre seg slik at avgjerdene blir så gode som mogleg, og at bestemde omsyn og interesser blir ivaretekne under sakshandsamingsprosessen. Viktige prinsipp her er rettstryggleik, partsoffentlegheit, teieplikt og habilitet. Lova definerer kva som er eit enkeltvedtak, og gjev bestemte reglar for klagegang. Forvaltningslova peikar òg på at forvaltningsorgana har plikt til å rettleie.

## Lova om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova)

Formålet med [likestillings- og diskrimineringslova](#) er å fremje likestilling og hindre diskriminering. Med likestilling siktar ein til likeverd, like moglegheiter og like rettar. At informasjon er tilgjengeleg og tilrettelagt, er viktige føresetnader for likestilling. Lova slår òg fast at offentleg sektor har ei såkalla forsterka likestillingsplikt. Plikta pålegg offentleg sektor å jobbe aktivt for likestilling og mot diskriminering i heile si verksemd.

## Offentleglova

Formålet med [offentleglova](#) er å legge til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiiktig. Hovudprinsippet er at dokument i forvaltninga er offentlege så langt anna ikkje følger av lov eller forskrift.

## Opplæringslova

[Opplæringslova](#) handlar om rettar og plikter knytte til opplæring og skulegang i Noreg. Fleire av kapitla i lova handlar om språkopplæring. Lova sikrar at elevane skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruke det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen. Foreldra til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skulen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skulen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skular i kommunen, avgjer kommunen kva skule dei skal få opplæringa på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elevar att i gruppa.

Dersom skulestrukturen i kommunen gjer at elevar må overførast til ein skule med eit anna hovudmål enn elevane hadde på 1. til 4. trinn, har dei rett til å bruke og å få opplæring på det hovudmålet dei hadde. Dei har rett til opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, same kor få dei er.

Kommunelova

[Kommunelova](#) § 4 seier: «Kommuner og fylkeskommuner skal aktivt informere om egen virksomhet og om virksomhet som andre rettssubjekter utfører på vegne av kommuner og fylkeskommuner. De skal også legge til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon»